

Klima- og miljødepartementet
Helse- og omsorgsdepartementet

Vår ref.: 2015/35

Dato: 9.4.2015

EØS-forhandling om tilpassing til forordning 1829/2003 om genmodifisert mat og fôr

Bioteknologirådet viser til våre brev daterte 26.1.2010 og 15.10.2012 med innspel til EØS-forhandlinga om tilpassing til EU-forordning 1829/2003 om genmodifisert mat og fôr. Bioteknologirådet støttar ein posisjon som tilsvarar den tilpassinga Noreg har fått for utsettingsdirektivet (direktiv 2001/18), der Noreg kan leggje vekt på andre omsyn enn helse- og miljørisiko i GMO-vurderingane – som vurderingskriteria berekraft, etikk og samfunnsnytte i genteknologiloven. For å kunne føre norsk politikk på området vidare er det avgjerande at Noreg får ei tilpassing som gjer at alt materiale som går under utsettingsdirektivet, òg etter innlemming av mat- og fôrforordninga i EØS-avtalen kan handterast i tråd med tilpassinga Noreg har for utsettingsdirektivet. Vi ønskjer derfor at Klima- og miljødepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet orienterer oss om kva regjeringa si tilnærming er, og om status i forhandlingsprosessen.

Bakgrunnen er at det no har gått lang tid utan at resultatet av forhandlingane er klart. Samstundes er Noreg i gang med å sluttbehandle ei rekkje GMO-søknader som er godkjende i EU under mat- og fôrforordninga, og Miljødirektoratet sende den første tilrådinga si til Klima- og miljødepartementet den 9. mars. Bioteknologirådet ser at regjeringa òg har fjerna dei norske indikatorane for berekraftig utvikling i nasjonalbudsjettet for 2015. Dette gir grunn til å stille spørsmål om kva som er regjeringa sin politikk når det gjeld berekraftig utvikling.

Etikk, berekraft og samfunnsnytte – kriterium i den norske genteknologiloven

I formålsparagrafen til den norske genteknologiloven er det lagt vekt på at framstilling og bruk av genmodifiserte organismar skal skje på ein etisk og samfunnsmessig forsvarleg måte, i samsvar med prinsippet om berekraftig utvikling og utan helse- og miljømessige skadeverknader. Ved søknader om utsetting av genmodifiserte organismar skal det leggjast vesentleg vekt på om utsettinga har samfunnsmessig nytteverdi og er eigna til å fremje ei berekraftig utvikling. Dette er uttrykk for ei haldning som gjer det mogleg å styre bruken av genmodifiserte organismar mot gode produkt. I forskrifta om konsekvensutgreiing etter genteknologiloven er desse kriteria

operasjonalisert. Bioteknologirådet (tidlegare Bioteknologinemnda) har arbeidd med å konkretisere kriteria, dei siste åra på oppdrag frå Direktoratet for naturforvaltning (no Miljødirektoratet). Miljøverndepartementet (no Klima- og miljødepartementet) og Helse- og omsorgsdepartementet støtta òg prosjekta økonomisk. Vi har utgitt to rapportar, i 2011 og 2013, med forslag til relevante spørsmål som bør stillast for å vurdere om sprøytemiddel- og insektresistente genmodifiserte plantar bidreg til berekraftig utvikling.

Norsk EØS-tilpassing

Noreg har avgjort at GMO-regelverket i EU skal takast inn i norsk rett med visse tilpassingar. Tidlegare vart søknadene om utsetting av GMO i EU behandla under utsettingsdirektivet. Ein kan no sende ein felles søknad til EU for alle bruksområde, under mat- og fôrforordninga. Derfor søkjer dei fleste under denne forordninga. Det gjeld både dyrking og anna utsetting, som mat og fôr med spiredyktig materiale. Når søknaden gjeld utsetting, må søknaden oppfylle krava i utsettingsdirektivet.

I 2007 vart utsettingsdirektivet teke inn i EØS-avtalen, og Noreg fekk ei tilpassing som gjer at vi kan leggje vekt på andre forhold enn helse og miljø, slik som berekraft, etikk og samfunnsnytte.

Dersom Noreg ikkje får ei tilpassing til mat- og fôrforordninga som svarar til den vi har for utsettingsdirektivet, vil det føre til at dei fleste søknadene om bruk av genmodifiserte plantar til mat og fôr vil bli avgjorde i EU, utan at Noreg kan bruke andre argument enn helse- og miljørisiko, og utan at vi sjølve kan avgjere kva som skal kunne importerast. Det vil ikkje gjelde berre tilverka mat- og fôrvarer som er regulerte av matloven, men òg mat og fôr som inneheld spiredyktig materiale. Avhengig av korleis Noreg stiller seg til den siste endringa i utsettingsdirektivet (sjå neste avsnitt), kan det òg komme til å gjelde dyrking i Noreg. Bioteknologirådet meiner at dersom vi ikkje får ei slik tilpassing, vil norske styresmakter miste innverknad på så viktige område at det går ut over norsk sjølvråderett.

Utviklinga i EU og internasjonalt

Interessa har auka i EU dei siste åra for å nytte same verdigrunnlag og vurderingskriterium som den norske genteknologilovgivinga opnar for. EU har nyleg vedteke å endre utsettingsdirektivet slik at dei enkelte landa sjølve kan avgjere om dei vil leggje ned forbod mot å dyrke ein EU-godkjend GMO. Dei kan leggje vekt på mellom anna måla i miljø- og landbrukspolitikken, byplanlegging og regional planlegging, bruk av landområde, sosioøkonomiske verknader, å unngå GMO-innblanding i andre produkt og på nasjonale politiske mål.

Under Cartagenaprotokollen, FN-avtalen om handel med genmodifiserte organismar under konvensjonen om biologisk mangfald, kan landa ta omsyn til sosioøkonomiske forhold når dei vurderer om dei skal tillate import av ein GMO. Partane arbeider med å gjere klart korleis ein skal forstå dette, og Bioteknologirådet har her bidrege med innspel. Noreg har bidrege med finansiering til arbeidet med sosioøkonomi under

Cartagenaprotokollen og blir rekna som eit føregangsland på dette området. Noreg har ein årelang tradisjon for å fremje berekraftig utvikling under framforhandlinga av internasjonale avtalar. Skal Noreg ha ein konsistent politikk når det gjeld GMO, må den nasjonale politikken sjåast i samanheng med det internasjonale arbeidet.

Konklusjon

Bioteknologirådet meiner Noreg må stå fast på ein posisjon der vi ber om å få same tilpassing for mat- og fôrforordninga (forordning 1829/2003) som for utsettingsdirektivet (direktiv 2001/18). Det er viktig for å halde på nasjonal råderett over dyrking og anna utsetting av genmodifiserte organismar i norsk natur. Det gjeld ikkje berre genmodifiserte matplantar, men kan òg komme til å gjelde fisk og husdyr. Samstundes er det viktig for at den nasjonale politikken og politikken internasjonalt skal samsvare. No som EU sin politikk ser ut til å gi større nasjonalt spelerom på GMO-området, er det enda større grunn til å halde fast ved ei offensiv rolle når det gjeld berekraft, samfunnsnytte og etikk.

Med helsing

Kristin Halvorsen
leiar

Sissel Rogne
direktør

Saksbehandlar: Audrun Utskarpen, seniorrådgivar

Kopi:
Landbruks- og matdepartementet
Nærings- og fiskeridepartementet
Miljødirektoratet
Mattilsynet